

Næringsfondet i Stordal

Kva er næringsfondet i Stordal?

Næringsfondet er ei støtteordning som skal nyttast til å styrke nyetableringar, innovasjon og næringsutvikling i Stordal kommune. Fondet kan også nyttast til vidareutvikling av eksisterande verksemder.

Prosjekt som fremjar entreprenørskap hos unge, kvinner og innvandrarar vert oppfordra til å søkje næringsfondet.

Etableringar som er nyskapande og som gir moglegheit for mange nye arbeidsplassar vert spesielt prioritert.

Kven kan søkje næringsfondet?

Næringsfondet kan nyttast både til bedriftsretta tiltak (direkte støtte til bedrifter) og til generelle tilretteleggande tiltak i regi av kommunen og organisasjonar i lokalsamfunnet.

Mål og prioriteringar i næringsplana til Stordal kommune og strategien til Vekst i Stordal vil bli lagt til grunn for vurderingane av kven som får støtte.

Kva kan du søkje om?

Tilretteleggande tiltak: Må vere eit tidsavgrensa tiltak. I utgangspunktet ingen beløpsgrense for støtta, men storleiken på støtta må vurderast i forhold til kor mykje fondet har disponibelt. Viss det vurderast å nytte meir enn halvparten av siste års tildeling til næringsfondet på eit einskild tiltak, må dette drøftast med Møre og Romsdal fylkeskommune i forkant. Næringsfondet kan gi støtte på inntil 50 % av totalt kapitalbehov.

Bedriftsretta støtte: Nyetableringar og eksisterande verksemder kan søkje om bedriftsretta støtte til verdiskapande tiltak basert på følgjande retningslinjer:

- Støtte skal som regel ikkje utgjere meir enn halvparten av dei kostnadane som er rekna inn i støttegrunnlaget (det totale kapitalbehovet som ligg til grunn for etableringa). Bedriftsretta prosjekt der kapitalbehovet er større, skal oversendast til Innovasjon Norge
- Det kan ikkje løyvast støtte til ordinær drift
- Bedriftsretta støtte skal ikkje vere konkurransevridande lokalt
- Støtta skal ha ein utløysande effekt på tiltaket som vert støtta
- Støtte gis primært som tilskot
- Investeringar som vert gjort før søknad om støtte frå næringsfondet er handsama skjer på eigen risiko for søkjaren

- For å få støtte må investeringar/prosjekt som det vert søkt støtte til gjennomførast innan 12 månader etter at tilsegn om støtte er gitt. Søkar kan søkje om utsetting.
- Utbetaling av tilsegn gitt frå næringsfondet skjer i etterkant når kostnaden kan dokumenterast i samsvar med søknad og tilsegn. Delutbetaling av støtta er mogleg.
- Næringsfondet kan ikkje nyttast til teikning av aksjar, betaling av renter/avdrag eller garantiar for bedrifter
- Det kan ikkje gis støtte til fysiske infrastrukturtiltak i kommunen
- Støtte frå næringsfondet må haldast saman med annan offentleg støtte, slik at samla støtte er innanfor gjeldande retningslinjer
- Det kan ikkje gis støtte som er i strid med internasjonale avtalar der Noreg er part.
- Elles vert til ein kvar tid gjeldande retningslinjer frå Møre og Romsdal fylkeskommune og frå Kommunal- og regionaldepartementet (kapittel 551, post 60 Næringsretta midlar til regional utvikling) lagt til grunn i vurderinga

Døme på kva bedrifter kan søkje støtte til:

- Nyetablering/bedriftsutvikling
- Investeringar i maskiner og utstyr
- Produktutvikling
- Marknadsføring
- Kompetanseheving i bedrifta
- Husleige første året til nyetablerte verksemder

Korleis søkje næringsfondet?

Søknadar til næringsfondet vert handsama fortløpande. Endeleg vedtak vert fatta i første moglege styringsgruppemøte for Vekst i Stordal etter at søknad er sendt inn.

Tilretteleggande tiltak

Søklar må sende inn søknad via www.regionalforvaltning.no med ein god prosjektomtale og realistisk budsjett. Styringsgruppa i Vekst i Stordal avgjer kven som får støtte.

Bedriftsretta tiltak – nyetablering

- Søklar må sende søknad via www.regionalforvaltning.no med vedlagt forretningsplan
- Støtte gis berre til søklarar som har gjennomført gratis oppstartssamtale (1 time rettleiing om forretningsplan) med hoppid-kontoret for Stordal kommune. Søklar tek sjølv initiativ til oppstartssamtalen.
- Søklar kan bli invitert til å presentere si verksemd/forretningsidé for styringsgruppa i Vekst i Stordal.
- Styringsgruppa i Vekst i Stordal gjer endeleg vedtak om kven som får støtte

- Mottakarar av støtte frå næringsfondet forpliktar seg til eit oppfølgingsmøte med Vekst i Stordal om korleis satsinga har gått. Dette gir også ein moglegheit for søkjaren å få gode råd og tips til det vidare arbeidet med prosjektet.
- Etter forvaltningslova har ein rett til å klage på vedtak ved søknad til næringsfondet. Klage rettast til styringsgruppa i Vekst i Stordal for ny handsaming. Viss styret opprettheld sitt vedtak, går klaga automatisk vidare for handsaming i formannskapet i Stordal kommune.
- Utbetaling frå næringsfondet skjer ved at sakshandsamar i Stordal kommune tilrår utbetaling, medan rådmannen tilviser utbetaling.

Bedriftsretta tiltak – vidareutvikling av eksisterande verksemd

For støtte til vidareutvikling av eksisterande verksemd gjeld i utgangspunktet same retningslinjer som for støtte til nyetablering, men sakshandsamar kan vise skjøn i høve til kva som er naudsynt prosedyre og bakgrunnsinformasjon for ein søknad frå ei eksisterande verksemd

Kontaktinformasjon

Eventuelle spørsmål om næringsfondet rettast til Vekst i Stordal ved prosjektleiar Harald Espeland:

- E-post: harald.espeland@stordal.kommune.no
- Tlf.: 45 02 43 20